

DRAUMELANDET

Blands kor.

IVAR KLEIVA

Røleg. Nynning til §

ab- gen sloknar og sa- lo min-ne vok- nar trø- den ti - da ds ver-do. ver
ny, og at gle- de som no eg of- te sak- nar steig i
sinnat med sol- gyl- te gry. Då eg lev- de med dyr og med
blo- mer, og med sky- er i so - - le-falls - - brand i ein
smil-en-de z - ve-lang su-mar. Jo, slik minnest eg min barndoms draume- land.

Draumelandet

Dagen sloknar, og sæle minne vaknar
frå den tida då verda var ny,
og ei glede – som no eg ofte saknar –
steig i sinnet med solgylte gry.
Då eg levde med dyr og med blomar,
og med skyer i solefallsbrand –
i ein smilande, ævelang sumar.
– Ja, slik minnest eg min barndoms draumeland.

Åra kverv. Eg er etter der inne
mellan fjella som trugne står vakt
kringom bygda som lyser i minnet,
meir enn eg kan med ord det få sagt.
Røyken stig mot den lysande blåen
til han kverv som ei teikning i sand.
Mor går stilt mellom stova og skjåen.
– Ja, slik minnest eg min barndoms draumeland.

Midt i skogsus og blømande enger
låg vår stove og blunda i ro.
Tusen fivrelt med glimande venger
flaug ikring der eg leika og lo.
Men i skogholtet like bak løa,
der låg bestemors eventyrland
mellan blomar og bognande grøda.
– Ja, slik minnest eg min barndoms draumeland.

Vel eg veit at min dag skal snart få ende.
Kvelden kjem då mitt livsljos brenn ned,
og frå alt som i livet batt og brende
skal eg fara til fridom og fred.
Men eg ber – med mitt brestande hjarte –
at bak grava med skræmande rand,
må eg vakna i ævesol bjarte
til ein morgen i min barndoms draumeland.